



Deloitte
V/ Line M Johansen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7473 - 14/25487

Saksbehandlar:
Janne Sund
Janne.Sund@lindas.kommune.no

Dato:
14.11.2014

Svar på forvaltningsrevisjon tilskot og refusjonar

Viser til varsel om forvaltningsrevisjon for handtering av refusjonar og tilskot av 15. september 2014. Utsett frist vart gjeven av kontrollutvalet og satt til 24.11.2014.

Rådmannen vil med dette gje oversikt over rutinar, avtaler og anna relevant informasjon om refusjonar og tilskot som Lindås kommune nyttar i dag. Dersom noko er uteglemt, ufullstendig eller uklårt, ber rådmannen om å få tilbakemelding slik at ønska dokumentasjon kan fremleggjast.

Følgjande dokumentasjon er vedlagt:

- 1) Alle refusjonskrav vert fakturert frå rekneskapsavdelinga etter underlag frå ansvarlig einingsleiar. Tilskotsbrev (tilsagn) vert sendt kopi av til rekneskapsavdeling, og mottatt tilskot vert knytt til tilskotsbrev. Oversikt over alle refusjons- og tilskotsordningar vert sett opp som dokumentasjon i samband med årsrekneskapen, og i dette ligg også ekstra kontrollfunksjon om at det er sendt krav på dei budsjetterte refusjonane og at tilskota er rekneskapsført (mottatt). Dette kjem i tillegg til kontroll/ gjennomgang og rapportering per 1. kvartal og 2. tertial.

- Vedlegg 1, Oversikt over alle refusjons- og tilskotsordningar kommunen nyttar i dag.

- 2) Prosedyreskildringar og avtalar for oppfølging av refusjonskrav for:

Legevaktsordninga

- Vedlegg 2, rutinebeskriving
- Vedlegg 3, avtale/ vedtak

-

Brann

- Vedlegg 4, avtale brannordninga
- Vedlegg 5, rutinebeskriving
- Vedlegg 6, avtale om brannførebygging NGIB



- Vedlegg 7, note 9 i årsrekneskapen. For Branntenesta og legevaktsordninga ligg avtalen inngått med kommunane til grunn for fordeling av utgiftene. Rekneskapen ligger til grunn for utarbeiding av refusjonskrav, og avtaledokumentene styrar kor stor del dei ulike kommunane skal fakturerast.

Butiltak

Når det gjeld refusjonskrav, sender Lindås kommune krav kvar 3. måned til Bufetat. Kravet blir levert til revisjon i Deloitte før vi sender det til Bufetat. Det ligg føre eit rundskriv som beskriv kva som kan søkjast om refusjon for. Endring i 2014 er at eigenandelen til kommunen har gått opp 20%.

Kommunen får etter søknad integreringstilskot og særskilt tilskot einslege mindreårige.

Viser til rundskriv 01/14: Integreringstilskot for å 1 og år 2-5 (2014).

- Vedlegg 8, rundskriv butiltak
- Vedlegg 9, rundskriv intergreringstilskot

Sjukelønn

- Vedlegg 10, rutinebeskriving. Frå sjukemeldinga/ fråveret oppstår til kravet er mottatt og ført i rekneskap

Anna:

- Vedlegg 11, delegasjonsreglement
- Vedlegg 12, Arbeidsgjevvarpolitisk plan – verdigrunnlag/ etikk
- Vedlegg 13, Oversikt over kven som har ansvar for registrering av sjukefråvær

Rundskriv/ meldingar til kommunen om aktuelle tilskotsordningar vert sendt til den aktuelle einingsleiar som følgjer opp. Einingsleiar for dei aktuelle områda er sjølv inne og søker på Fylke og direktorat sine nettsider. Lindås kommune har ikkje ein eigen person knytt til tilskotsfangst generelt for alle tenesteområda og einingar.

Rutinebeskrivingar og anna relevant informasjon som skal sikre oversikt, kvalitet og kontroll i tenesteproduksjon og styring, høyrer heime i eit overordna kvalitetssystem. Per dags dato har ikkje Lindås kommune eit slikt system. Rådmannen har derfor sett i verk eit utviklingsprosjekt for å etablere systemet og implementere eit verktøy (KF Kvalitet). I løpet av våren 2015 skal kommunen ha på plass eit slikt system.

Kontaktperson under forvaltningsrevisjonen for Lindås kommune er Økonomisjef Janne Sund, Epost: janne.sund@lindas.kommune.no, Telefon: 975 16 743.

Med helsing

Janne Sund
Økonomisjef

